

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 11.02.2019**

### **Handsaming i møtet**

Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune, Hogne Haktorson, og seniorrådgjevar, Roald Breistein, presenterte forslag til konkurransegrunnlag for konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Vestland fylkeskommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvala. Orienteringa vart gjeve i felles videomøte mellom kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Etter denne orienteringa handsama kontrollutvala saka kvar for seg.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Framlagt konkurransegrunnlag, med dei endringar som framkom i møtet, vert vedteke.
2. Kontrollsjefen får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.